

Byggjeleiar



SKL er ein vasskraftprodusent som årleg produserer om lag 2.700 GWh elektrisk energi. Det er nok til 150.000 husstandar – eller om lag forbruket til Bergen by. Vasskraft er naturleg og berekraftig. Me forvaltar våre felles naturressursar og gjev energi attende til lokalsamfunnet.

Prosjektet Løkjelsvatn kraftverk har behov for fleire medarbeidarar, og me er no på leit etter to dyktige byggjeleiarar. Me kan tilby ein fast stilling, samt ei prosjekttilsetjing med ein meningsfull og fagleg utfordrande arbeidskvardag i eit krevjande prosjekt. Stasjoningsstad vil vera Litledalen i Etne kommune.

Prosjektet omfattar eit nytt kraftverk i fjell, med tilhøyrande vassvegar. Byggeleiarar arbeidsoppgåver vil i stor grad dreie seg om oppfølging av entreprenør, og i hovudsak entreprenørens betongarbeid. Det er inngått entrepris kontrakt med entreprenør etter NS 8405.

Prosjektet er starta opp, og ein forventar oppstart med kraftstasjon i løpet av våren 2021. Byggeperioden er sett til 2 år, med oppstart av kraftverket i 2022.

Byggjeleiar Løkjelsvatn kraftverk

Arbeidsoppgåver:

- Byggeleiar på entrepris kontrakt innan fagområda grunnarbeid (tunnel), betongarbeid og VVS
- Ansvar for å følgje opp entreprenør mht. sikkerheit, kvalitet og spesifikasjonar ihht. kontrakt.
- Bidra til koordinering mot tilgrensande fagområde
- Bistå prosjektleiar med kontraktsoppfølging av målebrev, kvalitetsdokumentasjon og endringshandtering
- Gje innspel og fagleg støtte til tekniske løysingar
- Delta i prosjektmøter og byggemøter

Kvalifikasjonar:

- Høgare utdanning frå universitet eller høgskule. Relevant fagbakgrunn og erfaring kan vege opp for formell kompetanse.
- Erfaring frå entreprenør- rådgivar- eller byggherreverksemd med relevans for stillinga og tilsvarende arbeidsoppgåver
- Kjennskap og anvendelse av Norsk Standard
- God munnleg og skriftleg formuleringsevne
- Beherske naudsynte dataverktøy

Personlege eigenskapar:

- Me søker deg som har gode samarbeids- og kommunikasjonsevner, og som likar å arbeide systematisk og målretta for å oppnå gode resultat
- Du er fleksibel, sjølvstendig og har stor arbeidskapasitet
- Du har høg etisk standard og legg vekt på SKL`s verdiar og retningslinjer

Me tilbyr:

- Fast tilsetjing/Prosjekttilsetjing
- Eit godt arbeidsmiljø med dyktige kollegaer
- Konkurransedyktige vilkår
- Fleksibel arbeidsordning
- Gode velferdsordningar

Har du spørsmål?

Kontakt prosjektleiar **Kjetil Heimvik** på 97 55 60 52 / kjetil.heimvik@skl.as

Send din søknad til: jobb@skl.as Søknadsfrist: 31. januar 2021